



FYLKESMANNEN I AUST-AGDER

Miljøvernavdelingena

Brokke Vatn- og avlaupsverk AS
c/o Nomelands Anleggsmaskiner AS

4748 Rysstad

Dykkar ref.

Vår ref. (må givast opp ved svar)
Sak nr. 2007/3157 / VSK

Dato
20.08.2008

UTSLIPPSTILLATELSE - BROKKE VATN OG AVLAUPSVERK AS

Vi viser til søknad om utslippsløyve av 16.06.07, tilleggsopplysningar til søknaden av 17.10.07, møte med Asplan Viak 15.05.08 og øvrig korrespondanse i saka. Vedlagt følgjer utslippsløyve med vilkår.

Fylkesmannen skal ha tilsendt eit miljøovervakingsprogram til godkjenning innan anlegget kan starte opp, sjå pkt. 2.5 i løyvet.

Vi gjør merksam på at vedtak om utslippsløyve kan klagast på til Statens forurensningstilsyn (SFT) innan ein frist på 3 veker etter at det er motteke. Ei eventuell klage skal sendast Fylkesmannen i Aust Agder, miljøvernavdelinga, Serviceboks 606, 4809 Arendal. Klagen skal vere skriftleg og bør vere grunngjeve.

Løyvet må gjerer kjent i samsvar med forurensningsforskrifta § 36-11. Brokke Vatn- og avlaupsverk AS må minimum annonsere løyvet i lokalavis (t.d. Setesdølen). Fylkesmannen vil skrive ei underretning om løyvet på vår heimeside www.fylkesmannen.no/aa.

Med helsing

Eva Boman
Seksjonssjef

Veronica Skjævestad
Rådgjevar

Vedlegg: Utslippsløyve med vilkår
Klageskjema

Kopi med vedlegg til:

Asplan viak AS	Serviceboks 701	4808	Arendal
Otra Kraft DA		4748	Rysstad
Valle kommune		4747	Valle

Vedlegg

1 Klageskjema



UTSLEPPSLØYVE

I medhald av *Lov om vern mot forurensninger og om avfall* av 13. mars 1981 nr. 6 (forureiningslova) §§ 11 og 16, gir Fylkesmannen i Aust-Agder

Brokke vatn- og avlaupsverk AS

løyve til å sleppe ut kommunalt avløpsvatn til Otra via reinseanlegg, innafor dei rammer som går fram av dette dokumentet med vedlegg.

Løyvet gjeld frå dags dato.

NØKKELOPPLYSNINGAR

Søkjar:	Brokke vatn- og avlaupsverk AS
Postadresse:	c/o Nomelands Anleggsmaskiner AS, 4748 Rysstad
Verksemd:	Reinseanlegg
Lokalisering:	Midtregionen
Resipient:	Otra
Kommune:	Valle
Fylke:	Aust-Agder
Vår referanse:	07/3157/vsk

Dato: 20.08.2008

Eva Boman
Seksjonssjef
e.f.

Veronica Skjævestad
Rådgjevar

DEL 1 UTSLEPPSLØYVE

1.0 Generelt

Bakgrunn for saka:

I samband med utbygginga av hytter, leilegheiter og hotell i Brokke har Brokke vatn- og avlaupsverk AS søkt om utsleppsløyve i samsvar med forureiningsforskrifta kap. 14 *Krav til utslipp av kommunalt avløpsvann frå større tettbebyggelser*. Søknaden omfattar reinsa utslepp frå inntil 4080 einingar (fritidsbustadar og hotell). Det vil ta fleire år innan utbygginga er fullført og reinseanlegget vil bli bygd ut i etappar. Det er berekna ei maksimalbelastning på reinseanlegget på 12900 pe pr veke. I periodar vil belastninga vere lav og eit middel over året er berekna til 1900 pe.

Avlaupsvatnet skal gå gjennom fosforfjerning og sekundærreinsning før utslepp til Otra ved tilløpstunnelen til Brokke kraftverk. Det vil normalt bare vere utslepp til Otra når kraftverket går. Vassføringa vil da vere større enn 30 m³/s.

Utsleppet frå Brokke vatn- og avlaupsverk AS er berekna til å auke fosforkonsentrasjonen i Otra frå 4 • g/l til 4,79 • g/l ved maksimal belastning og ved vassføring på 30 m³/s.

1.1 Ramme for løyvet

Underlag for løyvet

Føljande lover og forskrifter er særleg relevante for verksemda:

- Lov av 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova)
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta), kap. 11 *Generelle bestemmelser om avløp* og kap. 14 *Krav til utslipp av kommunalt avløpsvann fra større tettbebyggelser*.

Ansvarsforhold, tvangsmulkt, straff

Den som har fått løyvet har ansvar for til ein kvar tid å overhalde krava og vilkåra som er sett i dette løyvet. Dette inneber blant anna at anlegg og utstyr skal bli drive og heldt vedlike slik at utsleppa blir minimert. Den ansvarlege pliktar gjennom internkontroll og andre tiltak å sørge for at anlegget blir drive slik at ulemper og skadeverknader blir mest mogleg avgrensa.

Handling i strid med vilkåra i løyvet er straffbart i medhald av forureiningslova kap. 10. Løyve til utslepp fritar ikkje for erstatningsansvar etter alminnelege erstatningsreglar, jf. forureiningslova § 10, 2.ledd.

I medhald av forureiningslova § 73 kan fylkesmannen fastsette tvangsmulkt for å sikre at tiltaka blir gjennomført som føreset i utsleppsløyvet.

Løyve etter andre lover

Fylkesmannen føreset at løyve for andre konsesjonspliktige forhold ligg føre før dette løyvet blir teke i bruk f. eks. plan og bygninglova og vannressurslova.

1.2 Grunngeving

Høyring

Søknaden har vore ute på høyring i perioden 15. okt. – 14. nov 2007. Det har kome inn to uttaler:

- **Valle kommune** forventar at anlegget skal byggjast i samsvar med krav og tilrådingar frå m.a. NORVAR's VA-norm, at anlegget vert testa før overlevering frå entreprenør og at det skal ligge føre digitale ledningskart. Kommunen ønskjer at det skal vere kapasitet for oppsamling av nødoverløp tilsvarende 24 timars driftsstans. Vidare viser kommunen til at det er forventa stor variasjon i belastninga ved reinseanlegget og legg vekt på at det er

viktig å bygge eit anlegg som kan handtere desse variasjonane. Kommunen legg også vekt på at dei som tek prøver av vatnet skal vere akkreditert for dette. Kommunen forventar at det vert sett krav om nødvendig prøvetaking og rapportering i løyvet. Kommunen ønskjer kopi av rapportar.

- Otra Kraft DA meiner at utsleppet ikkje vil få nemneverdige negative konsekvensar for drifta av kraftverket sidan utsleppet vil få strenge reinsekrav og i stor grad vil bli fortynna, men kraftverket er bekymra for utslepp ved ein eventuell feil/eit uhell ved anlegget. Dersom utsleppet vert leda i det opprinnelege elveløpet ned til Otra (dersom Faråtunnelen er stengd eller når det er overløp i bekkinntak) vil det bli ei anna uttynning enn om vatnet går gjennom kraftstasjonen. Otra Kraft DA kommenterer vidare at middelvassføringa i Otra ved Brokke ikkje er 136 m³/s, men 69 m³/s, og poengterer at middelvassføringa på meir enn 20 m³/s om vinteren og meir enn 50 m³/s om sommaren, er basert på målingar tatt i sjølve Otra og ikkje gjennom kraftverket.

Kommentarar til uttalene

Konsulenten til søkjaren har kommentert at middelvassføring på 136 m³/s er meint ved utløpet av Otra til sjø og ikkje ved Brokke. Ved utrekninga av maksimal belastning av fosfor er det 30 m³/s som som er brukt som parameter.

Søkker har ellers ikkje gitt kommentar til uttalene.

Fylkesmannen si vurdering

Nytt regelverk for avløp (gjeldande frå 01.01.2007) krev at kommunalt avløpsvatn med utslepp til følsamt og normalt område skal gjennomgå fosforfjerning og sekundærreinsing, noko som vil seie at det blir sett spesifikke krav til utslepp av fosfor, BOF₅ og KOF_{CR}. Avløpsanlegget på Brokke kjem i kategorien utslepp til følsamt område, og eit reinsnivå i samsvar med kravet til sekundærreinsing og fosforfjerning er òg planlagt i søknaden.

Med tanke på at ein kjenner til at ulike anlegg har hatt problem med å oppfylle krava til reinsing av BOF₅ og KOF_{CR}, er det svært viktig at løyvehaveren frå starten av får på plass rutinar som sørgjer for at ein når eit reinsnivå som tilfredsstillar alle krava i løyvet.

Utsleppet frå reinseanlegget etter full utbygging er antatt å bli 110 kg fosfor pr år. Det er berekna at utsleppet frå reinseanlegget vil auke fosforkonsentrasjonen i Otra frå 4 • g/l til 4,79 • g/l ved maksimal belastning på reinseanlegget og når vassføring er 30 m³/s. Desse situasjonene viser størst forventta fosforauke.

Fylkesmannen kan sjå føre seg tre utsleppsvarianter for vatnet frå reinseanlegget :

1) Utslepp via kraftstasjonen. Dette er normalsituasjonen. Det vil her bli ei fortynning av utsleppet, og når det kjem ut i Otra vil fosforkonsentrasjonen i Otra ikkje endre seg merkbart.

2) Overløp. Utslepp frå reinseanlegget vil bli leda utenom kraftstasjonen og følgje løpet mot Otra (Faråni). Dette vil skje i periodar med mykje regn, og vi antar at den auka nedbørsmengda vil sørgje for at utsleppet vert fortynna. Vi antar difor at dette ikkje vil føre til store endringar for fosforkonsentrasjonen i Otra.

3) Faråtunnelen er stengd. Dette kan skje i sjeldne tilfelle. Utsleppsvatnet frå avlaupsanlegget vil då følgje løpet mot Otra (Faråni). Fylkesmannen har vurdert om eit utslepp som situasjon 3) i tørkeperiodar kan føre til ein lokal effekt i Faråni/Otra på bakgrunn av storleiken på nedbørsfeltet til Farå, og antatt alminneleg lågaste vatnføring. Ein slik ekstrem situasjon kan gi ein kortvarig lokal effekt i Faråni, men påverknaden vil vere av mindre betydning for vatnkvaliteten i Otra, og fylkesmannen meiner difor at dette må kunne akseptast.

Brokke vatn- og avlaupsverk må ha eit tett samarbeid med Otra Kraft og alle avvik frå normalsituasjon må meldast til fylkesmannen. Anlegget må drivast av kyndig personell og

løyvehaver må sørge for å innføre gode driftsrutinar for å unngå innlekking av grunnvatn, lekkasjar og liknande. Slike rutiner må gå fram av internkontrollen i verksemda.

Reinseanlegget må byggjast på ein slik måte at det takler den varierende belastninga som er forventa.

Otra er næringsfattig då vanleg fosforkonsentrasjon i området for utsleppet ligg på ca 4 • g /l. Det vert sett strenge krav til reinsing av utsleppsvatnet, og saman med fortynningseffekten vert det ikkje forventa at fosforutsleppet vil føre til nokon vesentleg endring i vatnkvaliteten i Otra, då fosforkonsentrasjonar opp mot 7 • g/l ansees som god vatnkvalitet.

Fylkesmannen anbefaler at Brokke vatn- og avlaupsverk AS går inn i Driftsassistansen Aust Agder som sørger for nødvendig prøvetaking og rapportering til kommunen, tilbod om teknisk assistanse, internkontrollsystem og liknande. Dersom Brokke vatn- og avlaup AS vel ei anna løysing må dei sjølv sørge for å leggje fram dei nødvendige opplysningane til kommunen.

Eit nystarta anlegg kan ofte ha enkelte driftsproblem i starten og fylkesmannen vil difor at Brokke vatn – og avlaupsverk AS skal sende inn ein årsrapport til fylkesmannen etter det fyrste driftsåret som, tar føre seg prøvetakingsresultat som viser om reinsekrava har blitt overhalde, avvik i forhold til drift, eventuelle lekkasjar og andre hendingar. Denne rapporteringa kommer i tillegg til rapportering til kommunen.

Med dei planlagde tiltaka og fastsette vilkår finn fylkesmannen det akseptabelt å innvilge utsleppsløyve for utslepp frå anlegget til Otra.

1.3 Klagefrist

Dette utsleppsløyvet kan i medhald av forureiningslova § 85 påklagast til Statens Forurensningstilsyn innan ein frist på 3 veker frå den er motteke. Ei eventuell klage sendast Fylkesmannen i Aust-Agder. Klagen skal framsettjast skriftleg og bør vere grunngjeve. Sjå og forvaltningslova § 27, 3. ledd, jf. §§ 29, 32, 36 og 42.

DEL 2 VILKÅR FOR UTSLEPPSLØYVET

2.0 Funksjonskrav

Brokke vatn- og avlaupsverk AS pliktar gjennom sitt IK-system, instruksar, kontroll og andre tiltak å sørge for at drifta av anlegget skjer slik at ulemper og skadeverknader til ei kvar tid blir mest mogleg avgrensa. Avløpssystemet (leidningsnett og reinseanlegg) skal utformast og haldast vedlike slik at anlegget fungerer etter si hensikt. Ein skal leggje spesiell vekt på å førebyggje lekkasjar, innlekking av grunnvatn og avgrense utslepp som følgje av overløp frå regnvatn.

For å unngå utslepp i samband med kortvarig driftsstans, skal pumpestasjonar ha reservevolum dimensjonert for tre timars full driftsstans. Alle avløpspumpestasjonar skal dessutan ha minst to pumper, fjernovervaking og moglegheit for fjernstyring. Naudoverløp skal førast til Otra via lausmassefilter.

Avløpssystemet skal utformast slik at det er mogleg å måle og ta representative prøvar av det tilførte avløpsvatnet og av det reinsa avløpsvatnet.

Brokke vatn- og avlaupsverk AS skal sørge for at alle delar i avløpsanlegget blir bygd og halde vedlike i samsvar med dei krav som går fram av dette løyvet og gjeldande rettleiingar og retningslinjer. Skader og uhell skal utbetrast slik at dei ikkje fører til unødige belastningar på miljøet.

Brokke vatn- og avlaupsverk AS skal gjennomføre risikoanalysar for dei ulike delane av avløpsanlegget for å fastslå kva slags sikkerhetstiltak som skal bli bygd inn i anleggsdelane.

2.1 Reinsekrav

Reinseanlegget skal til ei kvar tid drivast slik at reinseresultatet blir best mogleg.

Brokke vatn- og avlaupsverk AS skal sikre at avløpsvatnet med utslepp til Otra gjennomgår reinsing og får ein kvalitet minst tilsvarande følgjande krav:

Parameter	Reinseeffekt	Maksimal konsentrasjon (mg/l O ₂)
Tot-P	90 %	-
BOF ₅	70 %	25
KOF _{CR}	75 %	125

Konsentrasjonskravet eller reinseeffektkravet må oppfyllest for både BOF₅ og KOF_{CR}. Det inneber og at ein kan etterkome konsentrasjonskravet for BOF₅ og reinseeffektkravet for KOF_{CR}, eller motsett.

2.2 Internkontroll, målingar, rapportering

Eigenkontroll og ansvar

Brokke vatn- og avlaupsverk AS pliktar gjennom instruksar, kontroll og andre tiltak å sørge for at drifta av anlegget skjer slik at ulemper og skadeverknader til ei kvar tid vil vere mest mogleg avgrensa. I dette ligg blant anna ei plikt til, så langt som mogleg, å søkje å hindre unormale driftsforhold som forårsakar for høge utslepp, og til å redusere eller innstille drifta under slike forhold om det elles ville oppstå vesentlege overskridingar av dei normale utsleppa.

Overhalding av grenseverdiar

Brokke vatn- og avlaupsverk AS skal ha oversikt over alle utslepp til resipientar som er påverka, mellom anna utslepp frå reinseanlegg, overløp, naudoverløp, lekkasjar, utslepp av overvatn og andre direkteutslepp.

Prøvetaking

Det skal takast regelmessige prøvar av utløpet frå reinseanlegget for å dokumentere reinseeffekt og utsleppsmengder.

Talet på prøvar, analyseparametre og prøvetakingsmetodar skal vere i samsvar med Forureiningsforskrifta kap. 14, §§ 14-11 og 14-12, og kap. 11 *Generelle bestemmelser om avløp*, vedlegg 2. Dette inneber ved full utbygging (når maksimal belastning i ei dimensjonerande veke er høgare enn 10 000 pe) at 24 prøvar per år frå innløp og utløp skal analyserast for:

Prøveparameter	Tal analyser per år	Største tal prøvar som ikkje treng å oppfylle maksimalkrava
Tot-P	24	3
BOF ₅	24	3
KOF _{CR}	24	3

Dersom Brokke vatn- og avlaupsverk AS gradvis kjem til å bygge ut reinseanlegget i samsvar med hytteutbyggingsplanar i området, kan det tas 12 prøvar per år frå innløp og utløp inntil maksimal belastning i ei dimensjonerande veke vert høgare enn 10 000 pe. Prøvane skal analyserast for:

Prøveparameter	Tal analyser per år	Største tal prøvar som ikkje treng å oppfylle maksimalkrava
Tot-P	12	2
BOF ₅	12	2
KOF _{CR}	12	2

Kontrollprøvar av inn- og utløpsvatn i reinseanlegg skal takast som døgnblandprøvar når prøven skal analyserast for BOF₅ eller KOF_{CR}. Det skal takast døgn- eller vekeblandprøvar når prøven skal analyserast for tot-P. Prøvane skal vere representative for avløpsvatnet og takast ved hjelp av eit automatisk, mengdeproporsjonalt prøvetakingssystem.

Tidspunkt for uttak av prøvar skal avtalast mellom Driftsassistansen i Aust-Agder (eller den som Brokke vatn- og avlaupsverk AS vel til oppgåva) og fylkesmannen si miljøvernavdeling. Verksemdar som utfører prøvetaking skal frå 31.12.08 vere akkreditert for prøvetaking eller ha eit tilsvarende kvalitetetssikringssystem godkjend av ein kvalifisert nøytral instans. Analyse av kontrollprøvar skal utførast av akkreditert laboratorium. Om utsleppet er overskridt med meir enn 100 % av det reinsekrava seier, skal den ansvarlege for anlegget snarast varsle fylkesmannen.

Dersom reinseanlegget ikkje tilfredsstillir normale utsleppskrav kan fylkesmannen gje pålegg om gjennomføring av tiltak på reinseanlegget eller andre delar av avløpsanlegget.

Overløp og andre utslepp

Utslepp frå overløp skal dokumenterast av Brokke vatn- og avlaupsverk AS.

Utslepp frå naudoverløp skal bereknast av Brokke vatn- og avlaupsverk AS på grunnlag av registret driftsstans ved pumpestasjonar, reinseanlegg og liknande, eventuelt ved direkte målingar av vassmengd og konsentrasjonar.

Utslepp pga lekkasjar, feilkoplingar o.l. skal oppgjevast av Brokke vatn- og avlaupsverk AS på grunnlag av berekna verknadsgrad for transportsystemet, om ikkje betre metodar blir brukt.

Rapportering

Den som har fått utsleppsløyve skal **innan 1. februar kvart år** rapportere nødvendige opplysningar til **kommunen**. Opplysningane i rapporten til kommunen skal tilsvare dei opplysningar som vert krevd i KOSTRA-skjema. Dersom Brokke vatn- og avlaupsverk AS vert

tilslutta ein interkommunal driftsassistanse kan rapporten samordnast med driftsassistansen sin årsrapport for å unngå dobbeltarbeid.

Fylkesmannen skal ha tilsendt ein årsrapport etter det fyrste heile driftsåret som tar føre seg prøvetakingsresultat som viser om reinsekra va har blitt overhalde, avvik i forhold til drift av anlegget, eventuelle lekkasjar og andre avvik og hendingar.

Fylkesmannen skal ha tilsendt rapport frå overvaking av resipient i samsvar med miljøovervakingsprogrammet som er krevd i punkt 2.5.

Den som har fått utsleppsløyve pliktar til ei kvar tid å kunne gi opplysningar om tilstanden til avløpsanlegget. Fylkesmannen eller den han gjev myndigheit, skal ha uhindra tilgang til å inspisere avløpsanlegget, jf. forureiningslova § 50. Ved planlagde tiltak som kan medføre utslepp av råkloakk, skal fylkesmannen varslast på førehand. Unormale tilstander ved anlegget, til dømes havari og driftsstans, som kan føre til unormalt store utslepp, skal varslast umiddelbart til fylkesmannen.

Fylkesmannen skal ha oversendt avviksmelding i dei tilfeller at Faråtunnelen er stengd og utsleppet går direkte i Faråni.

Brokke vatn- og avlaupsverk AS skal gjennom sitt internkontrollsystem legge opp til varslingsrutinar som er praktisk moglege å gjennomføre.

Internkontroll

Etter *Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter* (internkontrollforskrifta), fastsett 6. desember 1996, pliktar Brokke vatn- og avlaupsverk AS å utarbeide eit internkontrollsystem for verksemda si, for å sikre at mellom anna krava i dette utsleppsløyvet blir overhalde.

2.3 Drift og vedlikehald

Brokke vatn- og avlaupsverk AS skal sørge for å ha tilstrekkeleg personell til å kunne gjennomføre dei drifts- og kontrolltiltaka som løyvet krev.

Brokke vatn- og avlaupsverk AS skal heile tida ha full oversikt over funksjonen til og effekten av avløpsanlegget. Ajourførte oversikter over driftsforhold og utsleppsmengder skal når som helst kunne bli lagt fram for forureiningsmyndigheita til gjennomsyn.

Lekkasjar og ukontrollerte utslepp skal i størst mogleg grad bli eliminert. Difor skal avløpsanlegget utformast, drivast og haldast vedlike i samsvar med dei kvalitetskriteria som går fram av driftsinstruksane og internkontrollsystemet til anlegget, samt relevante rettleiingar/retningslinjer for avløpsanlegg, slik at krava i utsleppsløyvet overhaldast. Det skal kontrollerast at bekker ikkje blir tilført forureiningar frå transportsystemet og at leidningar for overvatn ikkje fører spillvatn. Vedlikehald og normale reparasjonar av avløpsanlegga skal kunne utførast utan at krava i utsleppsløyvet blir overskride. Feil som medfører utslepp av råkloakk skal normalt vere retta seinast 24 timer etter at feilen blei oppdaga eller varsla.

2.4 Slamhandsaming

Forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav av 04.07.2003 regulerer alle forhold rundt slam og handtering av slamprodukt.

2.5 Overvaking av resipient

I medhald av forureiningslova § 51 skal Brokke vatn- og avlaupsverk AS sørge for at det settast i gang overvaking av resipienten etter eige utarbeida program. Otra reknast som ein svært verdifull resipient som sidan 1990-talet har vist store forbetringar m.h.p. vatnkvalitet. Fylkesmannen krev derfor ein overvaking av resipienten, og resultata frå overvakinga skal rapporteres til

fylkesmannen. Overvakingsprogrammet skal samordnast med nasjonale og/eller regionale overvakingsprogram, og skal omfatte rutineundersøkingar for kartlegging av tilstand i vassførekomstar for om mogleg å påvise verknader av dei utslepp som blir gjort. Programmet skal sendast fylkesmannen før anlegget settast i drift.

Fylkesmannen kan og pålegge Brokke vatn- og avlaupsverk AS å medverke til, eller koste spesielle undersøkingar eller andre liknande tiltak som har relevans til dette utsleppet.

2.6 Andre tiltak

Utføring og drift av avløpsanlegget skal rettast inn etter relevante rettleiingar og retningslinjer.